



Tor H. Myklebust heime ved hytta si i Uskedalen - med hest og kvinneskikkelse. (Foto: Ola Matti Mathisen):

I den siste utgåva av Bergen byleksikon 2009 finn vi namnet Tor H. Myklebust på ei liste over offentlege minnesmerke og skulpturar.
Heile sju ulike kunstverk er knytta til namnet till uskedelingen



Minnesmerket på Hellen fort med bauta og 6 steinar som markerer dei som fall her 9. april 1940. (Foto: Jubileumsbok for Det Nyttige Selskab)

Tor H. Myklebust frå Neset hadde i mange år arbeidet sitt i Fritidsseksjonen i Bergen og hadde såleis ansvaret for plassering, utforming og vedlikehald av minnesmerke. På den måten hadde han og kontakt og eit nært samarbeid med mange internasjonale kunstnarar, mellom anna Knut Steen.

Fleire av minnesmerka er skapte og utforma av Tor og nokre av dei er omtala i leksikonet på den plassen eller hendinga som er bakgrunnen for kunstverket. Kunstverka kan vera bauta, plate eller relieff.

Kunstverket 'Dongen' frå det som var avfallsplassen i Solheimsviken, er ein bauta i naturstein og bronse (avduka i 1994)
Mange av kunstverka til Tor er minnesmerke frå ulike krigshendingar i Bergen.

Av slike finn vi:

- * Minne om fem ukjente russiske krigsfangar, laga i naturstein, Kvamsdalen i Arna (1985)
- * Minne om kampen for eit fritt Noreg 1939 - 1945, naturstein, Kronstad hovudgard (1994)
- * Minnestein over Gestapooofre, stein, Veiten (1980)
- * Minnesmerke på Hellen fort, bauta med 6 mindre steinar til dei seks nordmennene som fall her 9. april 1940
- * Fordi dei var jødar, skiferblokk med inskripsjon, Møhlenpris (2006)

Av andre kunstverk finn vi Kommandantens trappe på Festningskaaien (1985) og eit relieff av statsminister og skipsreiar Johan Ludvg Mowinckel (1983).

På lista er det mange nasjonalt kjende kunstnarar som Nils Aas, Per Ung, Sofus Madsen, Gustav Vigeland, Skule Waksvik, Kjell Nupen og Arnold Haukeland. Av kunstnarar frå Sunnhordland finn vi berre Arne Mæland frå Etne (med morsslekta frå Utåker) i tillegg til Tor H. Myklebust frå Uskedalen.

Arbeids- og kunstnarlivet til Tor fortener ein utfyllande artikkel. Den kjem truleg i Uskedalsposten.

Av Kristian Bringedal